



**Rekartlegging av naturtypar i
kulturlandskapet i
Norangsfjorden-Norangsdalen
Ørsta kommune
Sumaren 2015**

Bioreg AS Rapport 2016 : 03

BIOREG AS**Rapport 2016 : 03**

Utførende institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN-nr. 978-82-8215-310-2
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Finansiert av: Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Dato: 30. april 2016
Referanse: Langmo, S. H. L & Oldervik, F. G. 2016. Rekartlegging av naturtypar i kulturlandskapet i Norangsfjorden-Norangsdalen, Ørsta kommune, sumaren 2015. Bioreg AS. Rapport 2016 : 03. ISBN 978-82-8215-310-2		
Referat: På oppdrag frå Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Møre og Romsdal vart det sumaren 2015 utført rekartlegging av einskilde lokalitetar knytte til kulturlandskapet i Norangsdalen og langs Norangsfjorden. Lokalitetane som vart undersøkte (til saman seks stk.) hadde alle skildringar frå perioden 1993-2006, og var alle registrerte som naturbeitemark. Etter undersøkingane er ein lokalitet er føreslege sletta. Ingen lokalitetar oppnår verdien A. Heller ikkje tidlegare hadde nokon av lokalitetane verdien A. Derimot får tre lokalitetar verdien B og tre får verdien C. Ein lokalitet er omdefinert frå naturbeitemark til hagemark. Elles er alle lokalitetane framleis å rekne som naturbeitemark. Innanfor området er hevdstatusen best i dei øvre delane av Norangsdalen, også utanfor det allereie eksisterande kulturlandskapsområdet, som såleis er føreslege utvida sørover litt forbi Fivelstad. Også på Stenes og Leknes i tillegg til i Urkedalen finst område med god hevdstatus. Områda rundt sjølve Øye er meir prega av attgroing og hevdstatusen er dårlegare og til dels svak.		
7 emneord: Biologisk mangfald Raudlisteartar Naturbeitemark Registrering Kulturlandskap Norangsdalen Norangsfjorden		

Figur 1. Framsida; Biletet viser Uravatnet som ligg idyllisk til i Norangsdalen med beita rasmarksenger i den nordvende lia til venstre i biletet. Den delen av lia som ein ser ligg innanfor lokaliteten Norangsdalen: under Skjerdingsstindane (BN00029851), som er ein av lokalitetane som vart reinventert sumaren 2015. Legg elles merke til at lia til høgre i biletet er langt meir attgrodd med skog. (Foto: Bioreg AS ©).

Føreord

På oppdrag frå Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det utført rekartlegging av utvalde lokalitetar knytt til kulturlandskapet innanfor det registrerte heilskaplege kulturlandskapet i Norangsfjorden-Norangsdalen i kommunane Ørsta og Stranda i Møre og Romsdal fylke.

For oppdragsgjevarane har Sissel Rübberdt (Miljødirektoratet), og Geir Moen (Fylkesmannen i Møre og Romsdal) vore kontaktpersonar. For Bioreg AS har Finn Oldervik vore kontaktperson saman med Solfrid Helene Lien Langmo. Sistnemnde har også utforma mesteparten av rapporten samt utført feltarbeidet. Dagleg leiar i Bioreg AS, Finn Oldervik har vore ansvarleg for kvalitetssikringa.

Vi takkar oppdragsgjevaren for tilsendt informasjon. Vidare vert Børild Skåra, rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda takka for å ha kome med ymse opplysningar om lokalitetane og driftsstatus på ein del sentrale gardsbruk i området

Aure/Rissa 20.05.2016

FINN OLDERVIK SOLFRID HELENE LIEN LANGMO

Innhald


Føreord	3
Innhald.....	4
1. Bakgrunn.....	5
2. Dei ulike lokalitetane.....	5
3. Metodikk og undersøkingar	6
4. Rekartlagte lokalitetar	7
5. Det heilskaplege kulturlandskapet i Norangsdalen	8
6. Behovet for vidare naturtypekartlegging	10
Referansar	11
VEDLEGG 1 Lokalitetsskildringar	13
Lok. nr. 1. Norangsfjorden: Stenes. Verdi: Viktig - B.....	13
Lok. nr. 2. Norangsdalen: sør for Lunheim. Verdi: Lokalt viktig - C.....	16
Lok. nr. 3. Norangsdalen: under Skjerdingstindane. Verdi: Viktig - B.....	19
Lok. nr. 4. Norangsdalen: Stavbergsetra m.m. Verdi: Viktig - B.....	23
Lok. nr. 5. Norangsdalen: Urdasætra. Verdi: Lokalt viktig - C.....	27
Vedlegg 2 Norangsfjorden-Norangsdalen	31
Vedlegg 3 Artsliste.....	32

1. Bakgrunn

På oppdrag frå Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det utført rekartlegging og tilstandsvurdering av det registrerte heilskapelege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen (KF00000241) i kommunane Ørsta og Stranda i Møre og Romsdal fylke. Tanken bak er å få ein oversikt over aktuell status i eit område som var med i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Også ei eventuell oppsplitting av området er vurdert. I tillegg er utvalde lokalitetar knytt til kulturlandskapet innanfor området rekartlagt. Alle desse har registreringar frå 2006 eller tidlegare.

2. Dei ulike lokalitetane

Dei lokalitetane som skulle kvalitetssikrast i dette oppdraget sommaren 2015, ligg for det meste i sjølve Norangsdalen, i tillegg til at den store lokaliteten på Steneset sør for Norangsfjorden er inkludert. Alle er registrert i perioden 1993-2006, og ligg i Ørsta og Stranda kommunar. Samtlege lokalitetar er registrert som naturbeitemark, og består i stor grad av beita rasmarsenger og setervollar. Tabellen på neste side viser lokalitetane som er registrert i Naturbase av dei tidlegare som er rekartlagde innanfor rammene av dette prosjektet.



Figur 2. Kartet viser plasseringa av dei 6 oppdaterte lokalitetane som skal oppdaterast innanfor dette oppdraget. Som ein ser ligg ein av dei i Stranda kommune, og dei resterande i Ørsta, og alle innanfor grensene til kulturlandskapsområdet merka med svak oransje omraming. Kartet er utarbeidd i GisLink.

Tabell 1. Oversyn over lokalitetar som skulle rekartleggast i samband med dette oppdraget.

Områdenamn	Naturbase-nummer	KOMMUNE	VERDI	NATURTYPE	AREAL daa	KARTLAGT
Norangsfjorden: Stenes	BN00029825	ØRSTA	B	Naturbeitemark	718	12.10.1993
Norangsdalen: sør for Lunheim	BN00029846	ØRSTA	C	Naturbeitemark	11	03.04.1999
Norangsdalen, rasmark	BN00008343	STRANDA	C	Naturbeitemark	55	14.09.2000
Norangsdalen: under Skjerdingsstindane	BN00029851	ØRSTA	B	Naturbeitemark	1242	18.09.2006
Norangsdalen: Stavbergsetra m.m.	BN00029858	ØRSTA	B	Naturbeitemark	179	18.09.2006
Norangsdalen: Urdasætra	BN00029863	ØRSTA	B	Naturbeitemark	137	18.09.2006

3. Metodikk og undersøkingar

Målsetjinga med oppdraget er som nemnd tilstandsvurdering av det registrerte kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen. Statusen er oppdatert både etter metodikk fra Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, og lokalitetane etter faktaarka for kartlegging av kulturmark frå juli 2015. Her er metodikken for verdisetjing av lokalitetane kraftig revidert i høve til slik faktaarka var utarbeidd i DN Handbok 13 frå 1997. Ved revisjonsarbeidet av DN Handbok 13 dei seinare åra har naturtypen, boreal hei kome inn som ein ny naturtype. Også denne typen er inkludert i dei nye revisjonane av lokalitetane innanfor dette området.

Undersøkingane i felt gjekk føre seg i fyrste halvdel av september i 2015. Det var godt ver under undersøkingane. Alle dei utvalde lokalitetane vart oppsøkte i felt, og har fått revidert avgrensing, skildring og verdisetting ut frå desse undersøkingane. Det vart også teke kontakt med Børild Skåra ved landbrukskontoret i Ørsta, og opplysningane ein fekk bidrog med nyttig informasjon som i sin tur letta arbeidet med oppdatering av lokalitetsskildringane.

Karplantefloraen vart via størst merksemd ved undersøkingane, men også andre organisme-grupper, slik som sopp og fugl m.m. vart registrert i den grad ein observerte noko av interesse. 2015 var eit dårleg soppår, slik at ein måtte nøya seg med å vurdere potensialet for sjeldne og raudlista artar frå denne gruppa ved desse undersøkingane. GPS vart nytta for nøyaktig stadfesting av lokalitetar og interessante funn. Ortofoto og kart er i tillegg nytta for kontroll og presis avgrensing av lokalitetar. Kartavgrensingane av lokalitetane er utarbeidd i QGis, med tilgang til ortofoto via Norge digitalt. Også GisLink er til dels nytta for studie av eldre ortofoto. Presisjon for avgrensing av lokalitetane er skildra. Korleis avgrensingane er vurdert, varierer noko. For det meste er dei sett der ein oppfattar at grensene mellom dei konkrete typene går, men for eksempel mellom rasmarkseng og naturbeitemark (seminaturleg eng etter NiN 2.0), er det ein glidande overgang.

Elles er raudliste for artar frå 2015 (Henriksen S. og Hilmo O. (red.), 2015) og raudliste for naturtypar (Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.), 2011.) lagt til grunn ved vurderingane, saman med metodeheftet for nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Også dei eksisterande lokalitetsskildringane i Naturbase er nytta som grunnlag. Lokalitetsskildringar vert lagt inn i Naturbase (www.kart.naturbase.no), og sentrale artar vert etter kvart lagt inn i Artsobservasjonar slik at dei kjem til syne i Artskart (www.artskart.artsdatabanken.no). Artskart er også nytta i oppdatering av lokalitetsskildringane.

4. Rekartlagde lokalitetar

Innanfor ramane av dette oppdraget, låg som nemnd rekartlegging av 6 tidlegare registrerte lokalitetar i tillegg til oppdatering av biologisk-mangfald-skildringa av kulturlandskapet. Alle lokalitetane som skulle rekartleggast var i utgangspunktet av typen naturbeitemark. Ein lokalitet er føreslege sletta etter denne revisjonen. Dette er Norangsdalen, rasmark (BN00008343). Lokaliteten er i stor grad dominert av lyng, geitrams, gullris, skogrøyrvkein og ymse bregnar i tillegg til mykje ung bjørkeskog.

Etter revisjonen har fleire av lokalitetane fått noko redusert areal, for det meste på grunn av attgroing med lyng og ung bjørkeskog på nordsida av dalen. Dette gjeld i fyrste rekkje lokalitetane Norangsdalen: Urdasætra (BN00029863) og Norangsdalen: Stavbergsetra m.m. (BN00029858). Lokaliteten Norangsdalen: sør for Lunheim (BN00029846) er føreslege omdefinert frå naturbeitemark til hagemark, mellom anna fordi ein studie av gamle flyfoto viser at lokaliteten også i tidlegare tider har vore delvis skogkledd. Denne er utvida til å inkludere eit større areal enn tidlegare, samstundes som noko av det som før låg innanfor lokaliteten no er fjerna av di det er planta skog i området. For dei resterande lokalitetane er avgrensingane vurdert framleis å vere tilfredsstillande i høve til dei skildra naturverdiane.

Ingen av dei registrerte naturbeitemarkene innanfor dette prosjektet er særleg artsrike. Mange av dei registrerte artane er likevel gode indikatorartar for ugjødsla kulturmark. Heller ikkje vart det registrert raudlista artar ved desse undersøkingane. Ein reknar då heller ikkje potensialet for slike artar å vere særleg stort innanfor lokalitetane, mest grunna at karplantefloraen er fattig og utan basekrevjande artar, samt at rasmarksengene i området let til å ha heller dårleg potensiale for raudlista artar av sopp. Dette kjem truleg av at engene jamt over har for ustabil jordsmonn, og at dei fleste funna av sopp frå tidlegare undersøkingar er gjort i område med meir stabil jordsmonn jf. Jordal og Gaarder (1995). Reviderte lokalitetsskildringar finst i **vedlegg 1**.

Tabell 2. Oversyn over lokalitetane som er rekartlagt innanfor rammene av oppdraget, med eventuelle endringar i areal, naturtype og verdi.

Områdenavn	Naturbase-nummer	ID LOKAL	KOM-MUNE	VERDI	NATURTYPE	AREAL	KARTLAGT	Ny naturtype	NY VERDI	NYTT AREAL
Norangsfjorden: Stenes	BN00029825	1	ØRSTA	B	Naturbeitemark	718	12.10.1993	Naturbeitemark	Uendra ¹	Uendra
Norangsdalen: sør for Lunheim	BN00029846	2	ØRSTA	C	Naturbeitemark	11	03.04.1999	Hagemark	Uendra	31
Norangsdalen, rasmark	BN00008343	-	STRANDA	C	Naturbeitemark	55	14.09.2000	Føreslegen sletta frå Naturbase		
Norangsdalen: under Skjerdingsstindane	BN00029851	3	ØRSTA	B	Naturbeitemark	1242	18.09.2006	Naturbeitemark	Uendra	1333
Norangsdalen: Stavbergsetra m.m.	BN00029858	4	ØRSTA	B	Naturbeitemark	179	18.09.2006	Naturbeitemark	Uendra	164
Norangsdalen: Urdasætra	BN00029863	5	ØRSTA	B	Naturbeitemark	137	18.09.2006	Naturbeitemark	C	107

¹ Verdien av lokaliteten er likevel svekka, og om skjøtselen ikkje vert teke opp att, vil verdien tape seg raskt. Dette grunna at det er slutt på geitehaldet, og dermed betydeleg lågare beitetrykk enn tidlegare.



Figur 3. Norangsdalen, rasmark (BN00008343) var i utgangspunktet registrert som naturbeitemark med verdien lokalt viktig – C. I dag er den å rekne som attgrodd med høge gras og bregnar. Her er det snøras snarare enn beite som er den viktigaste faktoren for å halde lokaliteten open. Nede til venstre i biletet skimtar ein den vidgjetne Geilskredbrua. Denne vart bygd i 1839, men vart skadd av eit ras i 2007, og er seinare bygd opp att. (Foto: Bioreg AS ©).

5. Det heilskaplege kulturlandskapet i Norangsdalen


Innafor det aller meste av Norangsdalen er det naturtypar knytt til kulturlandskapet som dominerer. Det finst også verdfulle lokalitetar knytt til berg og rasmark, og til rasmarksenger. Rasmarksengene er i meir eller mindre grad å rekne som naturbeitemarker, og dei aller fleste av dei er framleis opne og i stor grad også trelause. Særleg gjeld dette den austvende lisida. Også sør for den opphavlege avgrensinga av kulturlandskapet, rundt Fivelstad, finst fleire lokalitetar knytte til kulturlandskapet. Delar av Fivelstadmyrane ber tydeleg preg av tidlegare slått. I tillegg er det registrert fleire lokalitetar med naturbeitemark i område rundt Sæterelva. Området var framleis beita med geiter i 2015. Lenger ned i dalen og utover langs fjorden finst desse naturtypane meir spreidd, og meir av liene er attgrodd med skog. Til gjengjeld finst det på nordsida av fjorden her andre verdfulle naturtypar knytte til rike skogtypar, og også innslag av skogtypar knytt til avvikande berggrunn (i dette tilfellet olivin/serpentin). Også i dette landskapet er det registrert fleire raudlistearter slik som det er i kulturmarkene. Sør for fjorden ligg ei stor beita rasmarkseng rundt gardane på Stenes, og også lengst ute i fjorden, rundt Leknes og Urke finst område med opne beitemarkar.

På Leknes vart det i fylgje Rådgevar ved Landbrukskontoret Ørsta/Volda, Børild Skåra (pers. meld.), slutt på husdyrhaldet i 2014, og utmarka er difor ikkje beita lenger. Også på Stenes har dyretalet minka kraftig, medan det framleis er ein del beitedyr i Norangsdalen.

Norangsdalen og Norangsfjorden har mange registreringar av kulturminne og eit svært særmerkt landskap. Ein vil difor føreslå å vidareføre Norangsfjorden-Norangsdalen som eit heilskapleg kulturlandskapsområde trass i storleiken. Ein har som nemnd også valt å utvide området noko i sør slik at det også inkluderer områda rundt Fivelstad der fleire interessante lokalitetar knytte til kulturlandskapet er registrert etter at området vart kartlagt i 1994. Kart over ny og gamal avgrensing finst i **vedlegg 2**.

Som nemnt er attgroing eit av momenta som er med å redusere verdien av kulturlandskapet, og fleire av dei rekartlagde lokalitetane har fått redusert areal grunna dette. Særleg såg ein attgroinga tydeleg i liene kring Øye, samt i den vestvende lia øvst i Norangsdalen over mot Fivelstad. Her var oppslaget av lauvskog og lyng stort. Det er ut i frå gamle flyfoto (Flyfoto frå 1962 tilgjengelege i GisLink) grunn til å tru at denne lia også tidlegare har vore mindre nytta til beite enn den nordvende lia.

Attgroingsprosessen i rasmarksengene i Norangsdalen ser ut til å starte med oppslag av lyng, og då særleg blåbær. Når denne først er etablert, vert det også etter kvart rom for etablering av bjørkerenningar og bregnar, då desse areala ikkje vert beita like hardt som areala dominert av gras og urter. I dei bratte liene er ein kombinasjon av beite og rasaktivitet med på å halde vegetasjonen nede. Når beitetrykket minkar, vil attgroinga naturleg nok gå raskare. Ein reknar med at det i rasmarksengene både i Norangsdalen og langs Norangsfjorden er beitet som er den primære årsaka til at engene er opne, sjølv om det ikkje alltid er lett å avgjere kor vidt det er beitet eller rasaktiviteten som er den faktoren med sterkast påverknad på vegetasjonen. Det er difor grunn til å tru at attgroinga særleg i den nord/austvende lia, samt ute på flatene vil gå svært sakte. Særleg under Skjerdingstindane (BN00029851) er beitetrykket framleis svært godt. Her minner delar av lokaliteten mest om ei plen.



Figur 4. Det menneskeskapte motivet som kanskje er med på å gjere Norangsdalen mest kjent er Hotel Union Øye. Eit gammalt og vakkert hotell med lang historie. (Foto: Bioreg AS ©).

6. Behovet for vidare naturtypekartlegging

Mykje av området, og særleg i samanheng med kulturlandskapet, er allereie naturtypekartlagt, og skildringane er for det meste tilfredsstillande. Nord for Norangsfjorden ligg fleire svært store område registrert som rik edellauvskog. Desse registreringane er frå 2006 eller eldre. Det største området; Norangsfjorden: Urke-Øye (BN00029818), kan ha behov for rekartlegging og eventuell oppsplitting. Dette er då også omtalt i lokalitetsskildringa. Også for lokaliteten Raudeneset aust for Urke (BN00029820) er det omtala i skildringa at den bør undersøkast på nytt med tanke på betre avgrensing. Denne består i alle fall delvis av olivin/serpentinskog, ein naturtype som kan huse mange sjeldne og raudlista artar, og då særleg av sopp. I tillegg finst mindre område med interessant gråorskog rundt Lygnstøylvatnet i kombinasjon med rasmarek og grov blokkmark. Særleg den nordvende lia litt nord for vatnet kan inneha interessant kryptogamflora. Aust for vatnet finst også noko alm. Også sjølve Lygnstøylvatnet bør vurderast som naturtypelokalitet på bakgrunn av mellom anna førekoms- tar av lokalt sjeldne kransalgar (jf. skildring i Jordal et al., 2007). Fivelstadmyrane har enkelte areal som er å rekne som slåttemyr. Lokaliteten er i dag registrert som intakt låglandsmyr, men bør undersøkast grundigare med tanke på avgrensing og naturtype. Også elles rundt Fivelstad og i samanheng med Sæterelva er det registrert fleire lokalitetar med naturbeitemark som bør rekartleggast. Vidare bør områda i Langsæterdalen og Urkedalen heilt inn til Nordkopen undersøkast med tanke på fleire naturtypar knytt til kulturlandskapet. I begge desse dalføra (og særleg lengst inne i Urkedalen) finst fleire beita rasmarsenger som framleis er opne. Langsæterdalen verkar å vere noko meir attgrodd med bjørk. Også på Lekneset finst framleis verdfulle lokalitetar knytte til kulturlandskapet.



Figur 5. I Lygnstøylvatnet kan ein framleis sjå ruinar etter seterbuene som låg her. Nede i vatnet finst også ein del kransalgar, og den lokalt sjeldne arten mattglattkrans er tidlegare registrert her (Jordal et al. 2007). (Foto: Bioreg AS ©).

Referansar

LITTERATUR

Halvorsen, R. et al. 2015. Natur i Norge (NiN) versjon 2.0

(<http://www.artsdatabanken.no/NaturiNorge>)

Holtan, D. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i Stranda kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport nr 4 - 2011: 75 s. ISBN 978-82-7430-208-2 (papirutgåva).

Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2001. Biologisk mangfald i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Rapport Stranda kommune 2001. 127 s + kartvedlegg

Jordal, J.B., Holtan, D. & Bøe, P. G. 2007. Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J.B. Jordal nr. 1-2007. 126 s.

Henriksen S. og Hilmo O. (red.). 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge ISBN: 978-82-92838-41-9.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1995. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.

Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Melby, M. W. & Gaarder, G. 2001. Verdier i Norangselva, Ørsta kommune i Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-10. Utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 42 s. + vedlegg.

Norderhaug, A., Hansen, S. & Jordal, J.B. 2004. Storfjordprosjektet - Fagrapport om kulturlandskap i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga. Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga. Rapport nr. 1-2004. 240 s.

KJELDER FRÅ INTERNETT

Nettstad

Artsdatabanken, [Artskart](#)

Miljødirektoratet, [Naturbase](#)

[GisLink](#), karttenester

Norges geologiske undersøkelser, [Berggrunn og lausmassar](#)

[Stranda kommune](#)

[Ørsta kommune](#)

[Nasjonalbiblioteket](#)

MUNNLEGE KJELDER

Børild Skåra, rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda

VEDLEGG 1 Lokalitetsskildringar

Under følgjer lokalitetsskildringar for dei lokalitetane som vart re-kartlagt. Oppsett og skildring er basert på nyaste versjon av faktaarka frå DN Handbok 13, publisert i juli 2015. Type-skildringane etter NiN 2.0 er basert på Halvorsen et al (2015).

Lok. nr. 1. Norangsfjorden: Stenes. Verdi: Viktig - B.

Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029825

UTM EUREF89 32V N 6898742 A 375087

Areal: 718 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (100 %).

Utforming: Fattig beiteeng (100 %).

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 09.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 09.09.2015 i samband med rekartlegging av naturtypelokalitetar innanfor det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen på oppdrag frå Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal 12.10.1993 i samband med kartlegging av soppfloraen (fungaen) i ein del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit større beita og delvis raspåverka område ovanfor gardane på Stenes på sørsida av Norangsfjorden i Ørsta kommune. Lokaliteten består av vekselfuktige beitemarker, delvis attgrodd med ung bjørkeskog, i tillegg til nokre bergknausar. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane naturleg nok av rasmateriale. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beiteeng (100 %). Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32), og lokaliteten er for det meste å rekne som intermediær eng med klart hevdspreg (T32-4). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert, er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfald: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er svært sparsamt, men noko bjørk finst i kantane og særleg i nord. Denne ser ut til å spreie seg. Lokaliteten har elles stadvis høgt innslag av blåbærlyng og stadvis også storfrytle og firkantperikum. Elles finst mykje sølvbunke. Ut over dette registrerte ein artar som blåklokke, tiriltunge, bråtestorr, harerug, geitsvingel, gulaks, smalkjempe, bakkefrytle, tepperot, småengkall og fjellmarikåpe. I 2015 vart det registrert gul vokssopp innanfor lokaliteten. I Artskart er det frå tidlegare registrert skarlagenvokssopp, ei påvisning som vart gjort i 1993 i samband med dei nemnde soppregistreringane den gongen.

Bruk, tilstand og påverknad: I fylgje Jordal og Gaarder, 1993 så var dette området skogkledd fram til siste krig. Sidan har det vore nytta til geitebeite, dvs fram til 2012, dette i fylgje

rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda, Børild Skåra. I 2015 var det berre nokre storfe som beita her. Sjølv om mindre delar av lokaliteten framleis har godt beitetrykk, ber det meste av lokaliteten preg av attgroing, i fyrste rekkje med tett grasdekke dominert av sølvbunke, men også med mindre parti av bringebær, storfrytle og blåbær slik som nemnd over. Mange stader er det også stort oppslag av bregnar, og særleg i dei øvste delane av lokaliteten. I aust finst ein del ung bjørk. Ut frå dette er lokaliteten vurdert å vere i ein tidleg attgroingsfase.

Framande artar: Ingen registrerte, men platanlønn er registrert like aust for lokaliteten og ser ut til å spreie seg

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen (KF00000241). Dette landskapet er kjenneteikna av ville fjell og store område med beita rasmarksenger. Samanhengen med resten av dette landskapet er noko svekka i høve til tidlegare, men lokaliteten utgjer framleis eit svært viktig element i landskapet langs Norangsfjorden, mest grunna storleiken samt at den er svært godt synleg frå hi sida av fjorden.

Skjøtsel og omsyn: Gjenopptaking av husdyrbeite med langt høgare beitetrykk enn i dag, er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane som framleis er att i dette området. Det er ein fordel om beitet kunne gå føre seg med geit i og med at det er den som gjennom dei siste 60 åra har forma denne lokaliteten. Utan dette vil området gro att. Skogen må hindrast i å spreie seg ytterlegare på lokaliteten. Det same gjeld for platanlønn som er registrert eit stykke nord for lokaliteten.


Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 718 daa) og låg vekt for raudlistearter og artsmangfald. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp inkludert. Ein vurderer dette som svakt, mest grunna manglande kontinuitet innanfor lokaliteten. Elles oppnår lokaliteten middels vekt for tilstand ut frå den byrjande attgroinga, og middels vekt på påverknad, - dette ut ifrå at lokaliteten let til å vere lite gjødsla, samt at den har få spor etter menneskelege inngrep utanom husdyrbeitinga. Ut frå dette, saman med den høge verdien denne lokaliteten har som landskapselement, oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B. Utan skjøtsel vil verdien raskt tape seg, og lokaliteten gro att.

Kjelder:

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernveddelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.

Jordal, J.B., Holtan, D. & Bøe, P. G. 2007. Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J.B. Jordal nr. 1-2007. 126 s.

Børild Skåra, rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda (pers. Meld)



Figur 6. Lokaliteten sett frå Ytstebøen nord for Norangsfjorden. Som ein ser er den framleis open, men har innslag av noko bjørk i kantane. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 7. Lokaliteten er merka med grønt. Ortofotoet er frå 2013. Kartet er henta frå Naturbase. Det er i fyrste omgang ikkje aktuelt å gjere noko med avgrensinga av lokaliteten.

Lok. nr. 2. Norangsdalen: sør for Lunheim. Verdi: Lokalt viktig - C.

Ørsta i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029846

UTM EUREF89 32V N 6896859 A 379630

Areal: 31 daa

Naturtyperegistreringar:**Naturtype:** Hagemark (100 %)**Utforming:** Fattig hagemark med boreale tre (100 %).**Vernestatus:** Ingen**Feltsjekk:** 08.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo (siste)**Avgrensingspresisjon:** < 20 meter.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.09.2015 i samband med rekartlegging av naturtypelokalitetar innanfor det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen på oppdrag frå Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av Morten Melby og Geir Gaarder 03.04.1999 i samband med registrering av verdiar i Norangselva, og seinare av John Bjarne Jordal i samband med kartlegging av naturtypar i Ørsta. Lokaliteten var både den gong, og seinare også av Jordal (2007) rekna som naturbeitemark. Ved undersøkingane i 2015 var det klart at området heller er å rekne som hagemark. Delar av den opphavlege lokaliteten (slik avgrensinga ser ut på kart i Naturbase) er også i dei seinare åra tilplanta med skog, samt at den ligg utanfor steingarden som skil utmark og innmark. Avgrensinga er difor endra, og areal både sør og nord for den opphavlege lokaliteten er inkludert, slik at det totale arealet er auka monaleg. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit beiteområde sør for Lunheim litt aust for Øye i Ørsta kommune. Lokaliteten består av ein liten rygg i nord som skrånar sør-øver, før den igjen flatar ut mot Norangselva. Lokaliteten er avgrensa av skog i aust og sør, og av intensivt drivne enger i vest. I nord grensar den mot ei plen, samt eit par hus. Den består av vekselfuktige til fuktige delvis tresette beitemarker. Berggrunnen i området består av dioritisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane for det meste av elveavsetningar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som hagemark, for det meste av utforminga fattig hagemark med boreale tre (100 %). I sør finst også enkelte parti med rein beitemark. Etter NiN går hagemark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32), og for å skilje den frå naturbeitemark registrerer ein i tillegg tre- og busksjikt. Lokaliteten er for det meste å rekne som intermediær eng med mindre hevdpreg (T32-3). I sør og oppe på høgda i nord finst også parti med intermediær eng med klart hevdspreg (T32-4), men også noko intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-5). For intermediære og kalkfattige utformingar av fukteng finst det ingen eigne utformingar i NiN 2.0. Naturtypen kulturmarkseng der hagemark er inkludert, er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfald: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er dominert av bjørk, men med enkelte innslag av gran. Denne er planta, og noko av den er også hogd i løpet av dei siste åra. Elles finst litt einer i busksjiktet. Feltsjiktet er mange stader dominert av sølvbunke saman med enkelte parti med bregnar og noko bringebær. Dette gjeld særleg i den sørvende skråninga. Elles finst også ein del store tuver med artar som blåbær og tytebær. Ut over dette vart det mellom

anna registrert nattfiol (truleg grov nattfiol²), tepperot, lækjeveronika, harerug, gulaks, blå-klokke, blåknapp, smalkjempe, finnskjegg, bråtestorr og småengkall.

Ut over dette vart det i 2015 registrert ein triviell art av raudspore innanfor lokaliteten. Ein reknar likevel med at i alle fall delar av lokaliteten kan ha eit visst potensiale for beitemarksopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er i dag ekstensivt beita, med svake spor etter gjødsling nær eit par grunder ned mot engene nedanfor. Den har stadvis tydeleg preg av at skogen har stått tettare, men har også fleire parti med beiteenger der beitetrykket er godt. Truleg er området i sør sporadisk påverka av flaum frå Norangselva. Aust for lokaliteten er den delvis avgrensa mot skogen av eit steingjerde.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen (KF00000241). Dette landskapet er kjenneteikna av ville fjell og store område med beita rasmarsenger. Samanhengen med resten av dette landskapet er noko svekka i høve til tidlegare, men grunna at mange liknande område er attgrodd med skog, så utgjer lokaliteten framleis eit viktig element i landskapet i nedste delen av Norangsdalen.

Skjøtsel og omsyn: Framleis husdyrbeite med noko høgare beitetrykk enn i dag, er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane som framleis er att i dette området. Ein bør også unngå tilleggs-foring då dette tilfører næring til markane. Skogen må hindrast i å spreie seg ytterlegare på lokaliteten, og ein del av dei attståande granene kan med fordel hoggast.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 31 daa) og låg vekt for raudlistearter og artsmangfald. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp inkludert. Elles oppnår lokaliteten middels vekt for typevariasjon, då tre grunntypar i NiN er representerte. Om ein også inkluderer fuktengene, så er typevariasjonen i røynda endå høgare. Den oppnår middels til låg vekt for tilstand ut frå den byrjande attgroinga, og middels til låg vekt på påverknad ut frå at enkelte areal har preg av oppgjødsling. Ut frå dette, saman med verdien denne lokaliteten har som landskapselement oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig - C.

Kjelder:

Melby, M.W. & Gaarder, G. 2001. Verdier i Norangselva, Ørsta kommune i Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-10. Utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 42 s. + vedlegg.

Jordal, J.B., Holtan, D. & Bøe, P. G. 2007. Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J.B. Jordal nr. 1-2007. 126 s.

² Den var i så dårleg forfatning at det ikkje var mogleg å fastslå om det var vanleg eller grov nattfiol.



Figur 8. Oppe på høgda nord i lokaliteten. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 9. Lokaliteten er merka med raud avgrensing, medan den gamle avgrensinga er merka med grøn skravur. Kartet er utarbeidd i QGis med ortofoto frå Norge digitalt.

Lok. nr. 3. Norangsdalen: under Skjerdingsstindane. Verdi: Viktig - B.

Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029851

UTM EUREF89 32V N 6893007 A 382380

Areal: 1333 daa

Naturtyperegistreringar:**Naturtype:** Naturbeitemark (100 %)**Utforming:** Fattig beiteeng 100 %.**Vernestatus:** Ingen**Feltsjekk:** 08.09 og 09.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo (siste)**Avgrensingspresisjon:** < 20 meter.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.09.og 09.09.2015. Rekartlegginga av naturtypelokalitetar innanfor det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen vart gjort på oppdrag frå Miljødirektoratet ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal 18.09.2006 i samband med kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Ved undersøkingane i 2015 vart nye, mindre areal inkludert både i nord og sør, slik at totalarealet auka noko. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit større samanhengande beite- og raspåverka område (Lokaliteten er om lag 4,1 km lang) på vestsida av Norangsdalen i Ørsta kommune. Lokaliteten består av vekselfuktige beitemarker, stadvis attgrodd med ung bjørkeskog, i tillegg til nokre bergknausar og enkelte parti som ligg tettare opp til snøleie. Den består av finskala mosaikk mellom meir eller mindre raspåverka område der den eine rasvifta avløyser den andre langsetter lia. Det aller meste av lokaliteten, og da særleg den nordlegaste delen, ligg skuggefullt til i den tronge dalen. Dette gjer at snøen ligg lenge, og at vekstsesongen dermed blir relativt kort. I 2015 låg det framleis ei snøfonn i den nordlege delen av lokaliteten først i september. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane naturleg nok av rasmateriale. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) til nordboreal (NB) vegetasjonssone, og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beiteeng (100 %). Likevel finst som nemnd også parti som nok må reknast som snøleie. Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32), og lokaliteten er for det meste å rekne som intermediær eng med klart hevdspreg T32-4. Stadvis finst noko bjørkeskog, og her finn ein parti med intermediær eng med mindre hevdspreg (T32-3). I Jordal et al (2007) heiter det at " *Vegetasjonen er om lag 50% frisk fattigeng (G4), rundt 30% meir lesideprega vegetasjon med blåbær og firkantperikum (kan vera eit attgroingsstadium), rundt 10% storbregnevegetasjon og ca. 10% beitepåverka bjørkekratt.*" Dette såg ut til å stemme godt også i 2015, sjølv om andelen med bjørkekratt truleg har auka noko. Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert, er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfald: I dei mest raspåverka områda var det naturleg nok parti med grus og stein. Der vegetasjon var etablert, vart det mellom anna registrert mykje harerug, fjellmarikåpe, tepperot og tiriltunge. I tillegg finst artar som blåklokke, bråtestorr, geitsvingel, bakkefrytle, gulaks, småengkall og trefingerurt. I mindre raspåverka område registrerte ein mellom anna smalkjempe, småsmelle, fjellgulaks, hengeveng, blåknapp, smyle og blåbær. I dei minst ras-

påverka områda veks artar som sølvbunke firkantperikum, strutseveng og fjellburkne, og stadvis også ein del bjørk. Her finn ein overgangar til noko som minner meir om lyngheiar. Ut over dei nemnde artane har Jordal et al (2007) registrert mellom anna hårsvæve, jonsokkoll, musøyre, rosenrot, skoggråurt og skogkarse innanfor lokaliteten. Ein vurderer potensialet for sjeldne og raudlista artar av sopp å vere heller svakt grunna påverknadane av ras, jordflyting og sigevatn i desse liene.

Bruk, tilstand og påverknad: I fylgje Jordal et al (2007) utgjer dette området truleg ei av dei mest intakte beita rasmarsengene i heile fylket. Lokaliteten framstår også i 2015 slik som den var skildra i 2006, ei mektig, samanhengande rasmarseng med godt beitetrykk og dyr på beite. Lokaliteten er framleis beita både av sau og storfe, og let for det meste til å vere i god hevd. Unntaket er enkelte parti med bjørkekratt, men også desse er beitepåverka, og er med å skaffe ly til dyra i dårleg ver. I fylgje rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda, Børild Skåra, så er det framleis drift på fleire av bruka på Øye, Norang og Skylstad. Seks av bruka har dyr i Norangsdalen, til saman om lag 65 sau/lam og 60 storfe. Lokaliteten har få eller ingen spor etter gjødsling og menneskelege inngrep.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen (KF00000241). Dette landskapet er kjenneteikna av ville fjell og store område med beita rasmarsenger. Samanhengen med resten av dette landskapet er god, og lokaliteten utgjer eit svært sentralt element i det imponerande landskapet i Norangsdalen.

Skjøtsel og omsyn: Vidare husdyrbeite om lag på same nivå som i dag eller noko høgare, er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Det er ein fordel om beitinga vert utført av sau og storfe slik som i dag. Også geit er aktuelt, då også geita truleg har vore med og forma denne lokaliteten. Skogen må hindrast i å spreie seg på lokaliteten. Heller ikkje tilleggsforing av beitedyra i området er å tilrå, då dette kan medverke til ei gradvis oppgjødsling av lokaliteten.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 1333 daa) og låg vekt for raudlistearter. Den oppnår låg til middels vekt for artsmangfald, då den er rimeleg artsrik i høve til fleire av dei andre registrerte lokalitetane i nærleiken. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp inkludert. Elles oppnår lokaliteten middels vekt for tilstand ut frå den svakt byrjande attgroinga, og midtels til høg vekt på påverknad. Dette ut ifrå at lokaliteten let til å vere lite eller inkje gjødsla, samt at den har få spor etter menneskelege inngrep. Ut frå dette, saman med verdien denne lokaliteten har som landskapselement, oppnår den verdien; Viktig - B.

Kjelder:

Jordal, J.B., Holtan, D. & Bøe, P. G. 2007. Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J.B. Jordal nr. 1-2007. 126 s.

Børild Skåra, rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda (pers. Meld)



Figur 10. Parti sør for Stavbergvatnet med store område med beita rasmarksenger. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 11. Også nord og vest for Stavbergvatnet held lokaliteten fram. Legg merke til at snøen framleis ligg først i september. Ut frå dette er det grunn til å tru at her finst område som er å rekne som snøleie, og der all snøen ikkje vert borte kvart år. Snøen som ligg såpass lenge er nok helst restar som ligg att etter snøras. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 12. Heilt sør i lokaliteten, i eit av dei få partia der det finst bjørkekratt. Legg merke til gradienten frå der fotografen står, som er om lag midt på rasvifta, der plantane er små og beitetrykket godt. Så kjem eit parti med bregnar og sølvbunke, før ein kjem inn i bjørkekratta. Det er mogleg at dette viser ulike suksesjonsstadium i attgroinga av rasmarkane her oppe, men meir truleg viser det kvar rasaktiviteten er størst, middels og minst. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 13. Den omtala lokaliteten er den langstrakte vest i Norangsdalen. Også Norangsdalen: Urdasetra (BN00029863) og Norangsdalen: Stavbergsetra mm. (BN00029858) ligg innanfor utsnittet. Desse består av dei flate partia rundt setervollane. Som ein ser er det gjort mindre justeringar av grensene på alle desse tre lokalitetane. Kartet er utarbeidd i QGis med ortofoto frå Norge digitalt.

Lok. nr. 4. Norangsdalen: Stavbergsetra m.m. Verdi: Viktig - B.

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029858

UTM EUREF89 32V N 6893489 A 382489

Areal: 164 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (80 %) og område meir attgrodd med lyng (20 %).

Utforming: Fattig beiteeng (40 %), fattig beitefukteng (30 %), fattig beitevåteng (10 %).

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 09.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: Betre enn 20 meter. Målemetode: Ortofoto og GPS

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 09.09.2015 i samband med rekartlegging av naturtypelokalitetar innanfor det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen på oppdrag frå Miljødirektoratet ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal 14.09.1994, og på nytt av John Bjarne Jordal 18.09.2006 i samband med kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Etter undersøkingane i 2015 vart avgrensinga noko endra i aust grunna attgroing og endra beitemønster. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit større samanhengande beita og raspåverka område i den flate dalbotnen rundt Stavbergsetra i Norangsdalen i Ørsta kommune. Sjølve seterhusa ligg aust for vegen som går gjennom dalen. Lokaliteten består av vekselfuktige til fuktige beitemarker i tillegg til enkelte innslag av våteng ned mot Stavbergvatnet. Stadvis finst ein del store steinar og blokker som kanskje er ført dit av snøras som har gått i området gjennom tidene. Enkelte parti, særleg ovanfor husa i aust er nok meir å rekne som boreal hei enn som beiteeng (intermediær boreal hei (KA 3 etter Handbok 13). Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane naturleg nok av rasmateriale, men truleg også av elveavsetningar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beiteeng (40 %), stadvis med innslag av fattig beitefukteng (om lag 30 %), og ned mot Stavbergvatnet langs elva også enkelte parti med fattig beitevåteng (om lag 10 %). Ut over dette finst område meir attgrodd med lyng (20 %). Dette er nok å rekne som intermediær boreal hei (KA 3 etter Handbok 13). Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32), og lokaliteten er for det meste å rekne som intermediær eng med klart hevdspreg (T32-4). Stadvis finst noko bjørkeskog, og her finn ein parti med intermediær eng med mindre hevdspreg (T32-3). For intermediære og kalkfattige utformingar av fukteng finst det ingen eigne utformingar i NiN 2.0. Våtenga innanfor denne lokaliteten er å rekne som intermediær våteng (V10-1). Dei boreale heiene er å rekne som intermediær boreal frisk hei (T31-4), men det finst også enkelte innslag av intermediær boreal lynghei (T31-5). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011, medan boreal hei er vurdert som DD – datamangel i same liste.

Artsmangfald: Innanfor lokaliteten er det mellom anna registrert blåklokke, geitsvingel, bakkefrytle, gulaks, fjellgulaks, småengkall, trefingerurt, harerug, kattedot, lækjeveronika, fjellmarikåpe, tepperot, tiriltunge, fjellsyre og aksfrytle. I meir attgrodde parti dominerer for det meste lyng, men her finst også ein god del einer i busksjiktet. Slike parti er meir å rekne som boreal hei, men finst for det meste i finskala mosaikk med naturbeitemark. I mindre kjeldepå-

verka parti finst strutseveng og turt. I fuktengene finst ein del sølvbunke, samt at det i enkelte parti, særleg ute på elvesletta, finst ein del myrtistel og noko høymole som ser ut til å spreie seg. I våtengene ned mot Stavbergvatnet finst i tillegg artar som kjeldeurt, soleiehov, ryllsiv, stjernestorr og krypkvein. Jordal og Gaarder, 1995 registrerte mellom anna raudskivevokssopp (NT) og flammefotraudspore som var raudlista fram til 2006. Det vart ikkje registrert sopp på lokaliteten i 2015, men ein reknar framleis potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp som rimeleg godt.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten framstår som godt beita, og var i 2015 beita både av sau og storfe. Den let for det meste til å vere i god hevd. Unntaket er enkelte parti med bjørkekratt og lyngheiar aust for seterhusa. I fylgje rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda, Børild Skåra, så er det framleis drift på fleire av bruka på Øye, Norang og Skylstad. Seks av bruka har dyr i Norangsdalen, til saman om lag 65 sau/lam og 60 storfe. Lokaliteten har få spor etter gjødsling, men nokre spor etter tilleggsforing med rundball finst her og der. Som nemnd ser høymole ut til å spreie seg på lokaliteten, truleg som eit resultat av denne tilleggsforinga, som også med tida vil bidra til oppgjødsling av lokaliteten. Vegen som går gjennom Norangsdalen deler lokaliteten i to, og det same gjer elva som renn frå Uravatnet og ned i Stavbergvatnet. Den spreier seg utover bøen og deler seg i fleire løp.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen (KF00000241). Dette landskapet er kjenneteikna av ville fjell og store område med beita rasmarksenger. Samanhengen med resten av dette landskapet er god, og lokaliteten utgjer eit svært sentralt element i det imponerande landskapet i Norangsdalen. Også dei små, intakte seterhusa som står godt gøymd i le av store steinblokker er med på heve verdien av lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Vidare husdyrbeite om lag på same nivå som i dag, eller helst med noko høgare beitetrykk, er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Det er ein fordel om beitinga vert utført av sau og storfe slik som i dag. Også geit er aktuelt, då også geita truleg har vore med og forma denne lokaliteten. Skogen må hindrast i å spreie seg på lokaliteten. Heller ikkje tilleggsforing av beitedyra i området er å tilrå, då dette kan medverke til ei gradvis oppgjødsling av lokaliteten, samt spreining av høymole slik vi ser tendensar til i dag. Ein bør også vurdere manuell luking av høymole og myrtistel for å hindre at desse artane spreier seg ytterlegare. Dette er artar som sauen ikkje et, og som etter kvart kan bli svært dominerande.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 164 daa) og låg vekt for raudlistearter. Den oppnår låg til middels vekt for artsmangfald, då den er rimeleg artsrik i høve til fleire av dei andre registrerte lokalitetane i nærleiken. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp inkludert. Ut frå at lokaliteten let til å vere lite gjødsla, samt at den har få spor etter menneskelege inngrep anna enn vegen, så oppnår den middels vekt for tilstand ut frå den byrjande attgroinga, og middels til høg vekt på påverknad. Dette, saman med at lokaliteten er eit viktig landskaps-element, gjer at verdien blir; Viktig - B.

Kjelder:

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1995. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.

Norangsfjorden-Norangsdalen

Jordal, J.B., Holtan, D. & Bøe, P. G. 2007. Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J.B. Jordal nr. 1-2007. 126 s.

Børild Skåra, rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda (pers. Meld)



Figur 14. Lokalteten sett frå nord mot sør. Fotografen står ved seterhusa aust for vegen. Midt i biletet ser ein beitande sauer. Dei bratte partia oppe i lia tilhøyrrer lokaliteten Norangsdalen: under Skjerdingsstindane (BN00029851). (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 15. Våteng ved Stavbergvatnet. Her finst mellom anna krypkvein, soleihov og kjeldeurt. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 16. Seterhusa på Stavbergsetra. Husa ligg i le av ein bergknaus. Som ein ser har også enkelte parti på austsida av vegen godt beitetrykk. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 17. Den omtala lokaliteten ligg til høgre i biletet. Som ein ser er avgrensinga noko endra i høve til tidlegare, for det meste grunna attgroing. I vest ligg lokaliteten Norangsdalen: under Skjerdingsstindane (BN00029851). Kartet er utarbeidd i QGIS med ortofoto frå Norge digitalt.

Lok. nr. 5. Norangsdalen: Urdasætra. Verdi: Lokalt viktig - C.

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029863

UTM EUREF89 32V N 6898183 A 382639

Areal: 107 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (70 %) og område meir attgrodd med lyng (30 %).

Utforming: Fattig beitefukteng (40 %), fattig beiteeng (30 %).

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 08. og 09.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: Btre enn 20 meter. Målemetode: Ortofoto og GPS

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08. og 09.09.2015 i samband med rekartlegging av naturtypelokalitetar innanfor det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen på oppdrag frå Miljødirektoratet ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal 14.09.1994, og på nytt av John Bjarne Jordal 18.09.2006 i samband med kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Ved undersøkingane i 2015 vart arealet noko innsnevra i aust grunna attgroing. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit større samanhengande beite- og raspåverka område i den flate dalbotnen rundt Urdasætra i Norangsdalen i Ørsta kommune.

Sjølve seterhusa ligg heilt nede i dalbotnen vest for vegen som går gjennom dalen. Lokaliteten består av vekselfuktige til fuktige beitemarker. Stadvis finst ein del store steinar og blokker lagt att av snøen. Enkelte parti, særleg aust for vegen, samt eit parti sør for husa, er nok meir å rekne som boreal hei enn som beiteeng. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane naturleg nok av rasmateriale, men truleg også av elveavsetningar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark (70 %), for det meste av utforminga fattig beitefukteng (40 %) nede i dalbotnen og fattig beiteeng (30 %) oppe i skråningane. Ut over dette finst område meir attgrodd med lyng (30 %). Dette er å rekne som intermediær boreal hei (KA 3 etter Handbok 13). Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32), og lokaliteten er for det meste å rekne som intermediær eng med klart hevdspreg (T32-4). Rundt husa finst også parti med intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-5). Stadvis finst noko bjørkeskog, og her finn ein parti med intermediær eng med mindre hevdspreg (T32-3). For intermediære og kalkfattige utformingar av fukteng finst det ingen eigne utformingar i NiN 2.0. Dei boreale heiene er å rekne som intermediær boreal frisk hei (T31-4), men det finst også enkelte innslag av intermediær boreal lynghei (T31-5). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011, medan boreal hei er vurdert som DD – datamangel i same liste.

Artsmangfald: Innanfor lokaliteten er det mellom anna registrert blåklokke, geitsvingel, bakkefrytle, gulaks, lækjeveronika, harerug, fjellmarikåpe, tepperot, trefingerurt, fjellgulaks og katterot. I meir attgrodde parti dominerer for det meste lyng, men her finst også ein god del einer i busksjiktet. Slike parti er meir å rekne som boreal hei, men finst for det meste i finskala mosaikk med naturbeitemark. I mindre kjeldepåverka parti finst strutseveng og turt. I fuktengene rundt seterhusa finst ein del sølvbunke, samt mykje myrtistel og høymole som ser ut til å spreie seg.

Jordal og Gaarder, 1995 registrerte 7 artar av beitemarksopp, m.a. raudlistearten gulfovokssopp (NT). Av sopp i 2006 kan nemnast gul småfingersopp og honningvokssopp. Det vart ikkje registrert sopp på lokaliteten i 2015, men ein reknar framleis potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp som rimeleg godt, særleg i skråningane.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten framstår som godt beita, og var i 2015 beita både av sau og storfe. Særleg skråningane let for det meste til å vere i god hevd. Unntaket er enkelte parti med bjørkekratt og lyngheiar aust og sør for seterhusa, samt aust for vegen. Desse ser ut til å vere i attgroing, sjølv om beitemark framleis finst i mosaikk med lyngen. I fylgje rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda, Børild Skåra, så er det framleis drift på fleire av bruka på Øye, Norang og Skylstad. Seks av bruka har dyr i Norangsdalen, til saman om lag 65 sau/lam og 60 storfe. Lokaliteten har svake spor etter gjødsling rundt seterhusa, noko som truleg kjem av tilleggsforing med rundball. Som nemnd ser høymole ut til å spreie seg på lokaliteten, også dette truleg som eit resultat av denne tilleggsforinga, som også med tida vil bidra til ytterlegare oppgjødsling av lokaliteten. Vegen som går gjennom Norangsdalen deler lokaliteten i to. Nede ved Uravatnet ligg det ruinar etter fleire bygningar.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av det heilskaplege kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen (KF00000241). Dette landskapet er kjenneteikna av ville fjell og store område med beita rasmarsenger. Samanhengen med resten av dette landskapet er god, og lokaliteten utgjer eit svært sentralt element i det imponerande landskapet i Norangsdalen. Også dei små, intakte seterhusa som står godt gøymd bak store steinblokker nede i dalbotnen er med på heve verdien av lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Vidare husdyrbeite om lag på same nivå som i dag eller helst med noko høgare beitepress, er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Det er ein fordel om sau og storfe kan halda fram med beitet slik som i dag. Også geit kan vera eit aktuelt dyreslag, då også geita truleg har vore med og forma denne lokaliteten. Skogen må hindrast i å spreie seg på lokaliteten. Heller ikkje tilleggsføring av beitedyra i området er å tilrå, då dette kan medverke til ei gradvis oppgjødsling av lokaliteten. Ein bør vurdere manuell luking av høymole og myrtistel for å hindre at desse artane spreier seg ytterlegare. Dette er artar som beitedyra ikkje et, og som etter kvart kan bli svært dominerande.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 107 daa) og låg vekt for artsmangfald og raudlistearter. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp inkludert. Elles oppnår lokaliteten middels til låg vekt for tilstand og påverknad ut frå den byrjande attgroinga, spora etter oppgjødsling og det at lokaliteten generelt let til å vere noko i forfall. Også førekomstane av nitrofile artar er med å trekkje verdien ned. Ut frå dette, saman med verdien denne lokaliteten har som landskapselement, oppnår den verdien; Lokalt viktig - C. Denne verdien vil svekkast ytterlegare om attgroinga held fram. Etter kvart vil då seterhusa her vere med å utgjere den viktigaste verdien av lokaliteten.

Kjelder:

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1995. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.

Jordal, J.B., Holtan, D. & Bøe, P. G. 2007. Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J.B. Jordal nr. 1-2007. 126 s.


Børild Skåra, rådgjevar ved landbrukskontoret Ørsta/Volda (pers. Meld)



Figur 18. Den sørlegaste delen av lokaliteten. Som ein ser er det ein del einar, samt enkelte område med boreal hei i denne delen av lokaliteten. (Foto; Bioreg AS ©).




Figur 19. Sentralt i lokaliteten ligg seterhusa nedanfor nokre store blokker. Som ein ser er det svært varierende beitetrykk innanfor lokaliteten. Nesten alle bregnane ein ser er strutsevang, som truleg trivst så godt grunna påverknad frå kjeldevatn. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 20. Den omtala lokaliteten ligg til høgre i biletet. I vest ligg Norangsdalen: under Skjerdingsstindane (BN00029851). Som ein ser er avgrensinga noko endra i høre til tidlegare. Kartet er utarbeidd i QGIS med ortofoto frå Norge digitalt.

Vedlegg 2 Norangsfjorden-Norangsdalen



Figur 21. Ny og gammel avgrensning av det nasjonalt viktige kulturlandskapet Norangsfjorden-Norangsdalen. Kartet er utarbeidd i QGIS.

Vedlegg 3 Artsliste

Lok nr 1 Stenes

augnetrøyst sp.
bakkefrytle
bjørk
blåbærlyng
blåklokke
bringebær
bråtestorr
engkvein
firkantperikum
fjellmarikåpe
fugletelg
fuglevikke
geitsvingel
gulaks
harerug
hengeveng
hestespreng
krattlodnegras
ormetelg
raudsvingel
revebjølle
ryllik
skogburkne
sløke
smalkjempe
smyle
småengkall
storfrytle
sølvbunke
tepperot
tiriltunge

gul vokssopp

Lok nr 2 Norangsdalen: sør for Lunheim

bjørk
blåbær
blåklokke
blåknapp
bringebær
bråtestorr
einer
einstape
engkvein

engsyre
finnskjegg
gran
gulaks
harerug
kvitkløver
lækjeveronika
nattfiol (truleg
grov nattfiol)
smalkjempe
småengkall
sølvbunke
tepperot
tytebær

stjernespora
raudspore

Lok nr 3 Norangsdalen: under Skjer- dingstindane

augnetrøyst sp
bakkefrytle
bjørk
blåbær
blåklokke
blåknapp
bråtestorr
engkvein
firkantperikum
fjellbunke
fjellburkne
fjellgulaks
fjellmarikåpe
fugletelg
føllblom
geitsvingel
gulaks
harerug
hengeveng
hestespreng
hårsvæve
jonsokkoll
kvitkløver
musøyre
myrfiol

rosenrot
ryllik
røsslyng
skoggråurt
skogkarse
skogstorkenebb
skrubbær
smalkjempe
smyle
småengkall
småsmelle
storfrytle
strutseveng
sølvbunke
tepperot
tiriltunge
trefingerurt

silkeraudspore

Lok nr 4 Norangsdalen: Stavbergsetra m.m.

aksfrytle
bakkefrytle
blåklokke
blåkoll
einer
engkvein
fjellgulaks
fjellmarikåpe
fjellsyre
geitsvingel
gulaks
harerug
høymole
kattefot
kjeldeurt
krypkvein
kvitkløver
lækjeveronika
myrtistel
ryllsiv
røsslyng
småengkall
snauveronika

soleiehov
stjernesildre
stjernestorr
strutseveng
sølvbunke
tepperot
tiriltunge
trefingerurt
turt
tytebær

Lok nr 5 Norangsdalen:

Urdasætra
bakkefrytle
blåbær
blåklokke
blåkoll
einer
engkvein
engsyre
fjellgulaks
fjellmarikåpe
geitsvingel
gulaks
harerug
hestespreng
høymole
kattefot
kvitkløver
lækjeveronika
maiblom
myrtistel
ryllik
røsslyng
strutseveng
sølvbunke
tepperot
trefingerurt
turt
tytebær